

Årsmelding 1982

for Hjellvik-gruppa (stadgruppe i Osterøy Idrettslag) .

Styret har vore : formann Agnar Hjellvik
nestformann Osvald Kalland
kassastyrar Bjørn Mjelstad
skrivar Kirsten Festø
medlem Liv Raknes

Varamedlemer: Asbjørn Raknes, Torgunn Stall .

Gruppestyra: (førstn. form. og medlem av styret)

Ski: Reidar Stall, Lars Olav Birkeland.

Fotball: Asbjørn Raknes, Oddfinn Skår .

Friidrett: Nils Brakestad, Osv. Kalland, Audun Skår .

Trim/oriente r.: Norvald Vedå, Terje Raknes .

Studieleiar: Olav Hjellvik.

Styret har hatt 3 møte.

Studieringen "Hvordan lede et idrettslag" vart avslutta med glimrande resultat karaktermessig sett. Kva dette vil føra til i praktisk lagsarbeid får tida visa.

Hovudlaget heldt årsmøtet sitt hos oss i fjor.

Sjølve idrettsarbeidet har det vel ikkje vore den ynskete oppsving i. Friidretten har gått på "det jevne", og skisesongen reint lokalt vart spolert av skort på snø. På fotballfronten har det vorte mest leikefotball, då me ikkje har hatt nok folk i krinsen til å stilla lag i nokon av dei aldersbestemte klassane. Ein del av folka våre har delteke i tevlingar utanfor kringsgrensene (skulekrinsen).

18. november var born og ungdom innkalla til konferanse om oppstarting av ulike aktivitetar, både idrettslege og meir hobbyprega, og denne samlinga lova det aller beste for arbeidet utetter vinteren. I samarbeid med foreldrerådet i krinsen vert det lagt opp eit program som vonleg kan interessera og aktivisera mest all skuleungdomen i bygdå vår.

Litt framgang har det vore i idrettsplass-saka. Idrettskonsulenten i fylket har vore kontakta, i tillegg til at det har vore ført drøftingar med kommunen. Kommunen v/kontorsjefen har lova å ordna formalitetane vedk. grunnkjøpet og hytteflyttinga, slik at ein eventuell søknad om tippemidlar kan sendast i 1983.

"Tirevoll over" går sin gang, og kassa har fått tilbakebetalt medaljelånet på kr. 1.000.- Det tradisjonelle terrenglauget vart arrangert i år som før.

Formannen og nestformannen har representert stadgruppa i hovudstyret. Osvald Kalland har fungert som form. i friidr. gruppa då Nils Brakestad har hatt sjukdomsfråvær.

Takk for i år.

Hjellvik i november 1982.

f. Hjellvikgruppa

Agnar Hjellvik
form.

Styret i Hjellvikgruppa av O.I. 1983(vald 19/11.-82) :

Formann: Asbjørn Raknes
Varaf. : Agnar Hjellvik
Kassast.: Bjørn Mjelstad
Skrivar: Kirsten Festø
Medlem : Audny Birkeland

Varafolk : Torgunn Stall, Harry Borge

Medl. i eigenskap av gruppeformenn:

Bjørn Villanger
Reidar Stall
Johannes Hjellvik
Bjørnar Stall

Studieleiar: Olav Hjellvik

Revisorar: Grete Hjellvik, Anna-Maria Hjellvik.

Gruppestyra: Friidr.gr.: Bjørn Villanger, Nils Brakestad, Audun Skår.

Fotballgr.: Bjørnar Stall, Bjarte Mjelstad, Oddfinn Skår, Sjur Hopland .

Skigruppa: Reidar Stall, Lars Olav Birkeland.

Trim/orien- Torgeir Stall.

teringsgr.: Johannes Hjellvik, Terje Raknes,
Norvald Vedå.

(Dei førstn. i gr. er form.)

Representantar til hovudstyret i Osterøy Idrettslag:

1. Asbjørn Raknes
2. _____

Valnemnd: Gunnar Festø, Kjellaug Mjelstad, Bjørn Villanger .

Medarbeidar til O.I.L.-Stikkå : Dag Magne Vedå